

Fra: Birthe Haugen [Birthe.Haugen@post.hfk.no]  
Sendt: 17. januar 2007 16:08  
Til: Postmottak KD  
Kopi: Svein-Erik Fjeld; Inger Øvsthus-Tønder  
Emne: Høring - endringer i opplæringsloven og friskoleloven -gratis trykte og digitale læremiddel

Vedlegg: saksframlegg høring læremiddel.doc; vedak ophe.doc

Vedlagt er saksframlegg og innstilling fra opplærings- og helseutvalet Endelig vedtak fattes i fylkesutvalet 25. januar 2007. Endelig vedtak ettersendes.

Birthe Haugen  
Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
tlf. 55 23 92 47

På vegne av Opplæringsdirektør Svein Erik Fjeld



Arkivsak 200202684-59  
Arkivnr. 540  
Saksh. Haugen, Birthe

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	16.01.2007
Fylkesutvalet	25.01.2007

## HØYRING – FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OG FRISKOLELOVA

---

### SAMANDRAG

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i opplæringslova og friskolelova. Forslaget inneber ei lovfesting av skoleeigar sitt ansvar for at elevane **får gratis** naudsynte trykte og digitale læremiddel i vidaregåande opplæring.

Alle læreplanar i Kunnskapsløftet inneheld kompetansemål kor elevane **skal** bruke digitale verktøy i læringsarbeidet. Departementet føresett at skoleeigar har plikt til å ha det digitale utstyret som er naudsynt for at elevane kan nå kompetansemåla i læreplanane knytt til digitale ferdigheiter. Departementet meiner at det ikkje er naudsynt at elevane har berbare pc-ar for å nå kompetansemåla.

Det er difor ikkje lagt inn ekstra midlar til berbare pc-ar i samband med at skoleeigar får ansvaret for å halde elevane i vidaregåande opplæring med naudsynte trykte og digitale læremiddel. Departementet føreset at skoleeigar vil ha mindre utgifter til andre læremiddel og til stasjonære pc-ar dersom elevane skal ha berbare pc'ar.

### FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Staten må ved årlege løyvingar over statsbudsjettet syte for at fylkeskommunen får dekt utgiftene ved den aktuelle gratisordninga med gratis læremiddel i den vidaregåande skolen.

2. Fylkesutvalet støttar forslaget om å innføre gratis trykte og digitale læremiddel i den vidaregåande skolen administrert av fylkeskommunane.
3. Det må innførast eit ikkje behovsprøvd stipend til kjøp av berbare pc'ar. Ordninga må organiserast gjennom Statens lånekasse på same måte som stipendiet til andre læremiddel og naudsynt individuelt utstyr.

Paul M. Nilsen

Svein Erik Fjeld

Vedlegg: Høyringsnotat "Forslag om lovfesting av skoleeiers ansvar for at elevene får de nødvendige trykte og digitale læremidler i vidaregåande opplæring."

## **FYLKESRÅDMANNEN, 18.12.2006:**

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i Opplæringslova og Friskolelova. Forslaget inneber ei lovfesting av skoleeigar sitt ansvar for at elevane får naudsynte trykte og digitale læremiddel i vidaregåande opplæring gratis. I dag har elevar i vidaregåande opplæring til dels store kostnader knytt til læremiddel. Lærebøker utgjer i dag, for dei fleste største delen.

Det er lagt vekt på å finne ei ordning som i best mogleg grad stimulerer til utviklingsorienterte og kvalitetsmedvitne skoleeigarar og skolar. Ein viktig føresetnad er også tilrettelegginga av Kunnskapsløftet for lokal valfridom når det gjeld bruk av læremiddel. For elevane skal læring vere utfordrande, interessant og motiverande, og dette kjem ein i møte ved å leggje til rette for auka bruk av digitale læremiddel. På den måten kan elevane tileigne seg læring på nye måtar og sjå nye dimensjonar av det dei skal lære.

Lovforslaget må sjåast i samanheng med ei løyvnig på 287,4 mill kr til fylkeskommunane som skal dekkje utgiftene til naudsynte trykte og digitale læremiddel til elevar som byrjar på Vg2 hausten 2007. Det er lagt opp til ei tilsvarande løyving for 2008 med gratis læremiddel for elevar som byrjar på Vg3 og for 2009 for elevar som byrjar på Vg1.

Det er ikkje sagt noko om korleis ordninga vert etter 2009, men Fylkesrådmannen legg til grunn at rammetilskotet vert auka slik at det er mogeleg med kontinuerleg fornying av læremidla.

I tillegg får elevane eit ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Statens lånekasse som skal vere med å dekkje utgifter elevane har til andre læremiddel og naudsynt individuelt utstyr. Ordninga blir innført for elevar på Vg2 frå hausten 2007, for Vg3 hausten 2008 og for Vg1 hausten 2009.”

### **Gjeldande rett**

Hovudregelen er at vidaregåande opplæring i skole og bedrift er gratis. Dette inneber at fylkeskommunen ikkje kan krevje at elevar, lærlingar, lærekandidatar og vaksne betaler opplæringa. Det er likevel gjort unntak for læremiddel og utstyr til eige bruk som opplæringa til vanleg gjør det naudsynt å ha. Dette er regulert i opplæringslova §§ 3–1 siste ledd og 4A–3 fjerde ledd.

Unntaksheimlene inneber at fylkeskommunen kan pålegge eleven, lærlingen, lærekandidaten eller den vaksne å dekkje til dømes lærebøker, kladdebøker og lommekalkulator. Fylkeskommunen kan også ta betalt for kopiert undervisningsmateriell.

Når det gjeld berbar pc til eige bruk, må fylkeskommunen i det enkelte tilfelle vurdere konkret om slikt utstyr som følgje av pedagogisk grunna overgang til digitale læremiddel og arbeidsformer, fyller kravet til naudsynt utstyr som det er venta at eleven held seg med. Dersom fylkeskommunen kjem fram til at det er tilfelle, er departementet si tolkning at det ikkje er i strid med opplæringslova å påleggje elevane å halde seg med berbar pc, under føresetnad av at elevane ikkje får større utgifter til skolemateriell og utstyr enn dei ellers ville hatt..

### **Forslag til ny lovregulering**

Departementet meiner at skoleeigar sitt ansvar for læremiddel skal vere forankra med lovregulering i Opplæringslova og Friskolelova på lik linje med andre plikter.

I omtalen av ordninga med gratis læremiddel i statsbudsjettet for 2007 heiter det at ”fylkeskommunen får ansvar for at elevane får naudsynte trykte og digitale læremiddel”. Det omfattar også kopiert materiell.

Departementet foreslår at Opplæringslova § 3–1 siste ledd vert endra til: ”*Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremidlar samt digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkja nokon del av ugiftene til dette. Fylkeskommunen kan påleggje elevane, lærlingane og lærekandidatane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærare forskrifter.*”

Tilsvarende vert opplæringslova § 4A–3 fjerde ledd endra slik at vaksne som er tatt inn i offentleg vidaregåande skole får same rettar.

Friskolelova § 6–2 siste ledd vert endra slik for å sikre elevar i private skole same rettar som elevar i offentleg skole: ”*Vidaregåande skolar kan ikkje krevje noko form for betaling for opplæringa frå elevar eller foreldre utover det som følgjer av denne føresegna. Skolen har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremidlar samt digitalt utstyr samt nødvendige pc-ar. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkja nokon del av ugiftene til dette. Skolen kan påleggje elevane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærare forskrifter.*”

Opplæringslova § 3-3 opnar for at heile eller større delar av opplæringa kan skje i bedrift. Normalmodellen for yrkesfaglege utdanningsprogrammer er to år i skole og to år i bedrift. Departementet legg til grunn at skoleeigar har ansvar for tilsvarende læremiddel til dei elevane/lærlingane som har ein større del av opplæringa i bedrift enn det som følgjer av læreplanen.

### **Andre læremiddel og naudsynt individuelt utstyr**

I tillegg til det fylkeskommunale ansvaret får elevane eit ikkje-behovsprøvd stipend som skal bidra til å dekkje utgifter elevane har til ”andre læremiddel og naudsynt individuelt utstyr”. Denne stipendordninga er nærmare omtalt i eigen høringssuttale ”Forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for skoleåret 2007-2008” Det ikkje-behovsprøvd stipendet skal **bidra** til å dekkje utgifter elevane har til ”andre læremiddel og naudsynt individuelt utstyr”. Døme er kladdebøker, lommekalkulator, klede i yrkesfag o.l. Lærlingar og lærekandidatar er ikkje omfatta av stipendordninga.

### **Om pc-ar**

I høyringsbrevet tek departementet opp nokre av dei utfordringane i Kunnskapsløftet. Desse utfordringane har gjort at somme fylkeskommunar ser på berbar pc som naudsynt utstyr. Alle læreplanar i Kunnskapsløftet inneheld kompetansemål kor elevane **skal** bruke digitale verktøy i læringsarbeidet. Departementet reknar med at skoleeigar har plikt til å ha det digitale utstyret som er naudsynt for at elevane kan nå kompetansemåla i læreplanane knytt til digitale ferdigheitar. Departementet meiner likevel at det ikkje er naudsynt at elevane har berbare pc-ar for å nå kompetansemåla.

Det er difor ikkje lagt inn ekstra midlar til berbare pc-ar i samband med at skoleeigar får ansvaret for å halde elevane i vidaregåande opplæring med naudsynte trykte og digitale læremiddel. Departementet seier at skoleeigar vil ha mindre utgifter til andre læremiddel og til stasjonære pc-ar dersom elevane skal ha berbare pc’ar.

Hordaland fylkeskommune sin del av den statlege løyvinga til trykte og digitale læremiddel er 27,3 mill kr eller om lag kr 4 000 pr elev. Elevane sine kostnader til lærebøker inneverande år er i snitt om lag kr 5 000. Det er difor lite truleg at denne løyvinga gjev rom for å kjøpe berbare pc’ar til elevane.

Dei siste åra har dei sentrale løyvingane i Hordaland fylkeskommune til elev pc’ar vore om lag kr 300 pr elev i vidaregåande opplæring. Sjølv om vi ser denne løyvinga samanheng med den statlege løyvinga til læremiddel, er det ikkje rom for å kjøpe inn berbare pc’ar til Vg2 elevane neste skoleår i tillegg til dei trykte og digitale læremidla.

Som sagt inneheld alle læreplanane i Kunnskapsløftet kompetansemål der elevane skal bruke digitale verktøy. Neste skoleår vil det vere to årskull som kjem inn under læreplanane i Kunnskapsløftet, og som såleis skal ha utstrekt bruk av digitale verktøy. Pc-dekninga ved dei vidaregåande skolane i Hordaland er relativt høg. Det er i snitt fire elevar pr pc, men fylkesrådmannen trur likevel ikkje dette er godt nok. Dersom vi skal innfri kompetansemåla med omsyn til digitale ferdigheiter for Vg2-elevane, må desse elevane prioriterast på skolane sine pc'ar. Det vil føre til ei vesentleg dårlegare undervisningssituasjon for elevane på Vg1 og VKII.

Fylkerådmannen meiner at den statlege løyvinga til læremiddel må aukast slik at det blir rom for at elevane kan kjøpe eller leige berbare pc'ar. Tilskotet til berbar pc bør kome inn under ordninga med det ikkje behovsprøvde stipendet til andre læremiddel og naudsynt individuelt utstyr. Får elevane eit stipend som dei sjølve skal handle inn andre læremidlar og naudsynt utstyr for, sikrar ein at elevane får eigarskap til den berbare pc'en og dei vil då truleg ta godt vare på maskina. Dessutan kan elevane sjølv vurdere kva for pc han/ho har trong for, og dei kan velje om dei vil kjøpe eller leige pc.

Hordaland fylkeskommune er i gang med eit prosjekt som mellom anna byggjer trådlause nettverk ved alle dei vidaregåande skolar i fylket. Dessutan har så godt som alle våre vidaregåande skolar 100 Mbit breibandstilgang. Infrastrukturen som trengst når elevane kjem med sine egne berbare pc'ar, er dermed på plass ved alle våre vidaregåande skolar i løpet av våren 2007.

Ein annan føremon med at elevane finansierer sin eigen pc, er at fylkeskommunen ikkje er part i saka og såleis ikkje har trong for å byggje opp eit administrasjonsapparat kring handtering av berbare elevpc'ar. Her tenkjer ein på utlevering ved skolestart, innlevering ved skoleslutt, service når det trengst og handtering av avbrot når nokon vel å avbryte utdanninga.

Fylkeskommunen bør likevel forhandle fram avtalar som elevane kan nytte når dei skal kjøpe eller leige berbar pc. Då er vi er trygg for at utstyret kan nyttast på skolane sine nettverk, og at dei digitale læremidla fylkeskommunen kjøper inn, kan installerast på pc'ane.

## **Opplærings- og helseutvalet 16.01.07 innstilling til fylkesutvalet:**

Endelig vedtak fattes i fylkesutvalet 25. januar 2007. Endelig vedtak ettersendes.

### **INNSTILLING**

1. Staten må ved årlege løyvingar over statsbudsjettet syte for at fylkeskommunen får dekt utgiftene ved den aktuelle gratisordninga med gratis læremiddel i den vidaregåande skolen.
2. Fylkesutvalet støttar forslaget om å innføre gratis trykte og digitale læremiddel i den vidaregåande skolen administrert av fylkeskommunane.
3. Det må innførast eit ikkje behovsprøvd stipend til kjøp av berbare pc'ar. Ordninga må organiserast gjennom Statens lånekasse på same måte som stipendiet til andre læremiddel og naudsynt individuelt utstyr.